



Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/328-2

Omfang av leveringspliktige posttenester, fråsegn

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune ser at det kan vere behov for å endre på omfanget av leveringspliktige posttenester i Norge ut i frå eit økonomisk perspektiv. Økonomiske omsyn må likevel ikkje vere einaste grunn til å gjennomføre slike endringar.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune kan ikkje akseptere eit redusert omfang av leveringspliktige posttenester som vil slå særleg negativt ut for distrikta og distribusjon av lokalavisene. Lange avstandar og vanskeleg topografi vil gjere det vanskeleg for mange å nytte postboks for å ta imot daglege postsendingar.

Vedlegg:

Høyringsbrev - omfanget av leveringspliktige posttenester
Høyringsnotat

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Copenhagen Economics har på oppdrag frå Samferdsledepartementet greidd ut ulike scenario for leveringspliktige posttenester og statleg kjøp. Med bakgrunn i denne utgreiinga og den auka ulønsemada knytt til dei leveringspliktige posttenestene, har Samferdsledepartementet sendt utkast til endringar i postlova på høyring. Høyringsfrist er sett til 6. april 2018.

Gjennom høyringa ønskjer departementet å få fram:

- Synspunkt på dei forhold som kjem fram i rapporten
- Innspel knytt til kva som vil vere eit riktig framtidig nivå på leveringsplikta for posttenester
- Synspunkt på dei ulike alternativa til loveendringar

Samferdsledepartementet føreslår å endra krava til utleveringsadagar i postlova § 7 første ledd nummer 3 frå fem dagar til veka til annan kvar dag. Det vil seie tre dagar den eine veka og to dagar den andre.

Vidare føreslår departementet å endre postlova § 7 andre ledd andre punktum for å gje departementet heimel til pålegge Posten å tilby postboksar ved alle faste ekspedisjonsstader.

Det blir også føreslege å presisere i føresegna til postlova § 7 andre ledd om avisdistribusjon seks dagar i veka på stader utan tilbod frå kommersielle avisbodnett slik at det går klart fram at denne ordninga berre omfattar utlevering av aviser på laurdag.

Sentrale problemstillingar

Bakgrunnen for at Samferdsledepartementet tilrår endringar i det statlege kjøpet av posttenester er at vi kommuniserer stadig meir ved hjelp av digitale løysingar. Behovet for å sende fysisk post er drastisk redusert.

I Norge har vi ei ordning med finansiering over statsbudsjettet av dei ulønsame delane av leveringsplikt og kjøp av distribusjon av aviser i abonnement i område utan kommersielle avisbodnett på laurdagar. Utviklinga dei siste åra har gått i retning av at ulønsemda knytt til leveringsplikt aukar til tross for at kostnadane er redusert gjennom reduksjon av servicenivået.

Det er vurdert fire alternative servicenivå for statleg kjøp av leveringspliktige posttenester for perioden 2018 – 2025:

- Framleis omdeling av post 5 dagar i veka i heile landet.
- 2,5 omdelingsdagar i veka i tettbygde strok og 5 omdelingsdagar i spreiddbygde strok.
- 2,5 omdelingsdagar i veka i heile landet.
- Ein omdelingsdag i heile landet.

Å halde fram med dagens frekvens på omdeling av post fem dagar i veka i heile landet vil auka behovet for statlege kjøp til 1 mrd. kr i 2025. Dette vil ikkje føre til nye negative konsekvensar for postmottakarane.

Ei geografisk delt løysing med omdeling av post annankvar dag i veka i tettbygde strok og fem dagar i veka i spreiddbygde strok vil gje få negative konsekvensar fordi det berre vil redusere omdeling i tettbygde strøk der det svært ofte er eit rimeleg alternativ til Posten si omdeling. Denne løysinga vil oppretthalde omdeling fem dagar i veka i spreiddbygde strok der det ikkje finst eit rimeleg alternativ til Posten si omdeling.

Ei løysing med omdeling av post annan kvar dag i veka i heile landet vil gje enkelte, men avgrensa negative effektar for t.d. ombering av aviser og medisinar.

Den siste løysinga med å redusere omdeling av post til ein dag i veka i heile landet vil gje fleire negative konsekvensar enn dei andre løysingane fordi dette medfører ein større reduksjon i omdelingsfrekvens.

Etter Samferdsledepartementet sine vurderingar vil staten sine utgifter knytt til statleg kjøp av ulønsame posttenester halde fram å auke samstundes som etterspurnaden etter posttenester går ned dersom krava til leveringspliktige posttenester ikkje vert endra.

I følgje departementet er vi no komne til eit punkt der kostnadane knytt til dagens servicenivå blir så høge at krava til dei leveringspliktige posttenestene må reduserast. Departementet føreslår å redusere kravet til omdeling av posttenester frå 5 dagar i veka til omdeling annan kvar dag i heile landet. Departementet ønskjer likevel innspel på alle alternative løysingar som er omtalt i saka.

Departementet har ikkje lagt opp til å innføre særskilde kompenserande tiltak gjennom postlovgivinga, m.a. fordi det finst kommersielle tilbod i marknaden som kan sikre eit høgare servicenivå ved behov.

Når det gjeld aviser vert om lag 1 million aviser i abonnement omdelt dagleg i Norge. Posten omdeler om lag 15 pst. av desse avisene. Om lag halvparten av dette vil ikkje bli utleverert til abonnentane på utgivingsdagen når utlevering skjer annan kvar dag. Departementet legg opp til ein forskriftheimel som opnar for å pålegge Posten å tilby postboksar ved alle faste ekspedisjonsstader. Utlevering til faste ekspedisjonsstader vil skje som tidlegare.

Postmottakarar som har postboks vil kunne ta imot lokal og regionalt innleverte aviser dagleg.

Frakt av prøvemateriale frå legekontor og til laboratoria for analyse vil bli råka av omstillingar i postmarknaden. Ein reduksjon i tal omdelingsdagar vil etter departementet si vurdering berre påverke utdeling til laboratorium i den grad desse nyttar gateadresser og ikkje postboksadresser. Sendingar som hastar må sendast til ei postbokсадresse, eller bruk av tenesta Bedriftspakke ekspress over natt.

Ved innføring av postdistribusjon annan kvar dag, vil leveringstiden auke med ein dag for 50 pst. av leveringane av medisinar frå lokale apotek og nettapotek. Normalt vil dette vere tilstrekkelig for dei fleste apotekkundane som tek imot disse sendingane, med mindre det er forhold som tilseier at distribusjonen haster meir. Når det gjeld vanlege medisinar og medisinsk forbruksmateriell frå apotek, opererer apoteka i dag med ei leveringstid frå ein til tre dagar.

2. Vurderingar og konsekvensar

Bruk av dagens teknologi har medført at behovet for å sende fysisk post er kraftig redusert. Denne utviklinga ser ut til å halde fram også i åra som kjem. Ut frå eit økonomiske omsyn ønskjer departementet å redusere krava til dei leveringspliktige posttenestene for å redusere staten sine kostnadar for utføring av denne tenesta.

Fylkesrådmannen har i utgangspunktet forståing for at det kan vere behov for å vurdere krava til dei leveringspliktige posttenestene då behovet for å sende fysisk post er kraftig redusert og truleg vil gå ned også i åra som kjem - samstundes som kostnadane med desse tenestene ser ut til å auke. Ein naturleg konsekvens er sølvsagt å vurdere tiltak som reduserer kostnadane.

Å endre på krava til dei leveringspliktige posttenestene vil få negative konsekvensar for brukarane av slike tenester, særleg i distrikta. I byane og dei store tettstadene er det kommersielle aktørar som kan tilby dagleg levering av posttenester til sine kundar. Slik er det ikkje nødvendigvis i distrikta. Lokalavisene er avhengige av distribusjon av avisene ut til sine abonnentar. Trykte aviser er ferskvare. Med reduserte krav til posttenester, vil mange abonnentar oppleve at avisar ikkje kjem fram same dag som avisar kjem ut. Fleire lokale redaktørar har gitt tydelege signal på at denne endringa vil gje mange lokalavisar store utfordringar. Det er frykt for at mange lokalavisar vil miste sine abonnentar, som kanskje er grunnlaget for å drive ei lokalavis.

Legekontora i distrikta er avhengige av å få sendt prøver til analyse på laboratoria, som er lokalisert i byar og eventuelt større tettstader. Med eit redusert posttilbod kan det bli utfordringar med å få prøvar til analyse fram fort nok. Departementet viser til at det finst tilbod som kan nyttast, men dette er tenester som påfører brukarane av tenestene større kostnader.

3. Konklusjon

Samferdsledepartementet sitt forlag om endra krava til utleveringsadagar frå fem dagar i veka til annan kvar dag vil få negative konsekvensar for næringslivet og innbyggjarane i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen vil tilrå fylkesutvalet å gå i mot forlaget om eit redusert omfang av leveringspliktige posttenester.